



Le Skrei, s. 5

# SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

37. ÅRGANG 4/2009

- Hvem fikk Språkprisen 2009?, s. 10
- Ny termionologitjeneste i Språkrådet, s. 14
- Kan du alfabetet?, s. 18
- Hvem bestemmer over ordene?, s. 25

Språkrådet



## Alfa og omega

Uttrykket betyr 'først og sist'. Ikke alle tenker over at vi har det fra Johannes-evangeliet, der det sies at Jesus er alfa og omega. Han er dette livets inngang og utgang. Den egentlige bakgrunnen for uttrykket er likevel såre jordisk og praktisk. I det greske alfabetet heter den første bokstaven *alfa*, den siste bokstaven heter *omega*. Når vi i Vesten opp gjennom hundreåra har omtalt bokstavrekka vår som *alfabetet*, henger også dette sammen med den greske bokstavrekka. Ordet er satt sammen av *alfa* og *beta*, de to første bokstavene. Én ting er at bokstavene våre har en historie tilbake til den semittiske kulturen i Mesopotamia (dagens Irak) tre tusen år før Kristus. En annen ting er at bokstavene gjennom mesteparten av historien også har fungert som et system. Både biblioteker, ordbøker og oppslagsverker er ordnet *alfabetisk*.

Dette nummeret av Språknytt har en artikkel om vårt alfabet, det latinske. Bokstavrekka til romerne var en (varsom) tilpasning av det greske alfabetet, som var det toneangivende i antikken. Historiens gang seinere har

gjort de latinske bokstavene til vinnerne – først i Europa, deretter i store deler av verden. De siste tusen år har vært en global seiersgang.

Nå er de latinske bokstavene enerådende i mesteparten av verden. Det kyrilliske (russiske) alfabetet er avgrensa til områder i Øst-Europa og er knyttet til den ortodokse kirken. De arabiske bokstavene råder grunnen i den muslimske verden. Det kinesiske skriftsystemet er så krevende at det nok aldri kommer til å bli noen eksportartikkel vestover. De latinske bokstavene erobrer sakte, men sikkert stadig nye områder. I Norden tok vi for knapt to tusen år siden i bruk vår egen variant – runene, som nå ikke har vært brukt på over 500 år. Nå er vi i ferd med å miste mangfoldet. Men én ting består: Bokstavene våre er alfa og omega for skriften.

*Sylfest Sømheim*

## INNHOOLD 4/2009

|  |  |
|--|--|
| <span style="color: #4F81BD;">■</span> AKTUELT | <span style="color: #FFC000;">■</span> INNSIKT |
| 6 Intervjuet                                   | 18 Det latinske alfabetet                      |
| 10 Språkprisen 2009                            | 23 Smilefjes i e-post – helt på trynet?        |
| 14 Ny terminologiteneste i Språkrådet          | 25 Kven rår over orda?                         |
| 17 Språkbrukeren                               | 27 Kor mange ord på <i>q</i> kan du?           |
|  | 28 Å gjøre sin borgerplikt                     |
|  | 30 Med og uten bram                            |
|  | 33 Insektforskar og entomolog er det same      |



Redaksjonen tar gjerne imot brev fra leserne. Det kan være kommentarer til artiklene og emner i bladet, interessante ord og uttrykk en har kommet over, nyord, språkspørsmål eller annet. Adressen er: Språkrådet, Postboks 8107 Dep, 0032 OSLO.

**Spørsmål:** Kor kjem uttrykket *snøggare enn svint* frå, og kor *snøgt* er eigenleg *enn svint*?

**Svar:** *Svint* er siste rest av *svinnr*, som var eit heilt normalt adjektiv på norrønt. *Svinnr*, som er hankjønnsforma, tyder 'klok', 'vettug' og 'snøgg'. På norrønt var bøyinga i nominativ eintal *svinnr* i hankjønn, *svinn* i hokjønn og *svinnt* i inkjekjønn.

I moderne norsk er berre inkjekjønnsforma att, og truleg berre i uttrykket *fortare enn svint*. Me kan knapt seia *Han var så svint i arbeidet* eller *Dette var eit svint arbeid*. *Svinte rørsler* kan det heller ikkje vera snakk om, men ein kan framleis *svinta seg*.

Det er lite rimeleg å ta uttrykket *fortare enn svint* bokstaveleg. Ingen gjer det med til dømes *snøgg som eit olja lyn*.

**Spørsmål:** Er *sjeidehammar* eit verkty?

**Svar:** Sjeidehammarar brukte folk med handkraft i bergverk og gruver. Den tida Noreg ikkje hadde egne fagfolk, vart dei i stor mon henta frå Tyskland, som var eit veldig viktig bergverksområde.

Sidan fagfolka var tyske, vart også mange av fagorda i bergverksdrift og gruvedrift tyske. I 'Norsk Ordbok med 1000 illustrasjoner' står verbet å *sjeide*, som tyder «sortere (malm) fra uholdig (dvs. 'ikkje malmholdig') stein ved å knuse de utbrutte stykkene med slegge eller feisel». Å *sjeide* er teki over beinveges frå det tyske verbet *scheiden*, som tyder 'skilja', 'skilja frå kvarandre', 'dela'. Ein *sjeidar* var ein som hadde som spesialoppgåve å sjeida.

**Spørsmål:** Vi har kranget i flere dager om hvordan *so�siser* (de små pølsene en ofte har til jul) skal uttales. Jeg mener at trykket skal ligge på *o*-en, mens min bedre halvdel mener det skal ligge på *i*-en. Kan dere hjelpe oss unna en skilsmisse?

**Svar:** Stridens pølse er opprinnelig det franske ordet *saucisse*, som ganske enkelt betyr 'pølse'. Den franske uttalen er *såsiss*, med trykk på *i*-en. Den norske skrivemåten skulle da bli *såsiss*, som står i ordbøkene. Men også den franske skrivemåten *saucisse* er tillatt på norsk. I ordboken står det at trykket skal være på *i*-en, enten en uttaler eller skriver ordet på fransk eller norsk vis. Det er vanlig å uttale dette ordet med trykk på første stavelse og med *o*-lyd. Det fører til skrivemåten *so�siser*, som ikke er tillatt.

Spørsmålet om hvor trykket skal ligge i dette ordet på norsk, blir parallelt med spørsmålet om det heter *póteter* eller *potéter*.

Når et ord er ført opp i denne spalten, betyr det bare at vi har registrert at det er i bruk. Det betyr ikke at Språkrådet går god for ordet. Dersom vi tilrår eller rår fra å bruke ordet, vil vi nevne det uttrykkelig.

### administrerende hjemmemamma

Til Regjeringen

Ingrid Jeanette Flåterud

Administrerende hjemmemamma

*Kontantstøtte: Jeg er en av de skrekkelige konstantstøttemottakerne dere nå så gjerne vil til livs. Mitt barn er et av dem som hindrer integrering av innvandrere med sitt blotte fravær i barnehagen. Vi er blant de familiene som nå vil straffes for en innvandringspolitikk som gikk åt skogen.*

leserinlegg i Dagbladet 28.9.2009

### antikarriere

Følgende kjennetegn

definerer de to unge menneskene

Dagsavisen møter på Grünerløkka i

Oslo i går ettermiddag, ifølge uke-

brevet Mandag Morgen: Antikarriere:

Å klatre oppover på karrierestigen har liten betydning for dem. Det viktigste er å bevege seg sidelengs, for å prøve ut stadig nye ting og områder.

Dagsavisen 26.10.2009

### dobbelthatta

Forsvarssjefen har nå ei dobbelthatta rolle som både øvste fagmilitære rådgjevar i departementet, og som etatssjef for Forsvarets militære organisasjon.

Nettsidene til Forsvarsdepartementet oktober 2009

### gratisbutikk

Gratisbutikkene er et nytt utslag av «tryvertising» – «prøve-reklame». Det går ut på å påvirke forbrukeren ved å la dem prøve varer og produkter gratis, det være seg salatdressing, leppepomade eller en

*kjøkkensaks. Slik skapes merkelojalitet.*

Dagens Næringsliv 24–25.10.2009

**makt nær** Det er pussig at det er kvinneforskerne som nå plutselig er mest kritisk til journalistisk formidling av forskning. Det kan ha sammenheng med at de på noen tiår har gått fra å være barrikadestormere til å bli blant de mest makt nære og doktrinære forskerne i akademien.

Leserinlegg i Aftenposten 9.10.2009

**surregruppe** Det er ingen blå og raude surregrupper lenger, det er klassar som elevane skal følgja i mange år. Dei skal vera trygge i sosiale kontekstar, dei skal ha klassen som sin daglege læringsarena.

Debattinnlegg i Aftenposten 21.10.2009

**trygdeutspekulert** Somaliske kvinner framstilles nesten konsekvent som fødemaskiner, eventuelt som trygdeutspekulerte fødemaskiner.

Dagbladet 5.10.2009

**visumslave** – Innvandrerungdom blir brukt som visumslaver av foreldrene sine. Det er gjort mye bra, men det trengs en skikkelig gjennomgang av politikken, og vi må vurdere alderskrav ved familiegjenforening. Det har gått god effekt i Danmark.

Tidligere stortingsrepresentant Saera Khan til Dagbladet 23.10.2009

*I denne spalten tar vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.*

## SKRIFTA PÅ VEGGEN

Denne gongen vil vi ta for oss nokre ord og gjenstandar vi bruker til å framstille skrift og andre teikn for ei forsamling.

I riktig gamle dagar (fram til for om lag 20 år sidan) brukte læraren sjeldan noko anna enn *tavla* – nærare bestemt ei krittavle – når han eller ho skulle vise noko til heile klassen. Både *tavle* og *krit* (bokmål: *kritt*) er gamle lånnord som er heilt tilpassa norsk i uttale og bøyingsmønster. Vi tenkjer sjeldan over at det latinske *tabula* er opphavet til plata vi skriv på, eller at *krit* har samanheng med øynamnet Kreta.

### Frå mørke til lys

Fordi mange tavler er mørke, kallar engelsktalande tavla ofte for *blackboard* (men også *chalkboard*). Få nordmenn snakkar om *blackboard*, men likevel bruker stadig fleire ordet *whiteboard*, eller til og med det pleonastiske *whiteboard-tavle* om kvite tusjtafler. Avløyсарordet *tusjtafle* har alt fest seg nokolunde som namn på denne tavla – eit like godt motstykke til *krittavle* som *blackboard* er til *whiteboard*. Både tusjtafle og krittavla kan til vanleg omtalast som *tavle*.

Dei tusjpenne vi bruker til å skrive på tusjtafle med, er ikkje vanleg sprittusj, for blekket kan tørkast vekk. Ein innsendar har føreslått det greie ordet *tavletusj*, og det tek vi gjerne vidare. Til vanleg er det likevel nok å seie *tusj*.

På den tradisjonelle skoletavla brukte vi *svamp* for å fjerne det vi hadde skrive. Den reiskapen vi bruker på tusj-

tavla, har ein betydeleg hardare konsistens, sjølv om også den må trekkje til seg noko væske. *Tavleviskar* har blitt føreslått som nemning (jamfør *vindaugviskar*), og det ser no ut til å vere det mest brukte ordet i tekstar på norsk, enda ordet har heile fire stavingar. Vi reknar med at *viskar(en)* gjer nytta i dei fleste munnlege samanhengar.

### Samhandlande tavler

Dei siste åra har det blitt utvikla tavler der skjermbiletet frå ein tilkopla datamaskin blir vist, og sjølv tavla er ein *trykkskjerm* eller *peikeskjerm* som ein kan skrive, teikne eller styre dataprogram på. På engelsk har desse tavlene fått det noko omstendelege namnet *interactive whiteboard*. På norsk kan vi kalle det *interaktiv tavle*, men vi har større sans for korte og vektige løysingar som *datatafle* eller *e-tavle*, som også er i bruk.

### Flippover og ut?

Det som på engelsk helst heiter *flip chart*, kan kallast *arktafle* eller *stativblokk*. Desse avløyсарorda er så sjølvforklarande som noko kan bli, men samanlikna med *flippover* må dei likevel kallast floppar. Glanstida til denne typen tavle er nok over, men vi vil framleis tilrå avløyсарorda.

.....

Daniel Ims er rådgjevar i Språkrådet



# Smaken av Osa

■ TEKST: LARS AARØNÆS

Du har sett han på «Smaken av Norge» på TV 2 og kanskje i «Kokkekamp». I kokkekrinsar er han vidkjent. No har Harald Osa leidd prosjektet Nordisk menyspråk i hamn. Det skal gi oss meir smak for eigne matord.

Nordisk menyspråk er summen av arbeidet med 30 nasjonale rettar frå kvart av dei nordiske landa. Målet har vore å dempe inflasjonen i utanlandske termar for nordisk mat.

Pådrivaren for dette arbeidet i Noreg er stiftinga Norsk Matkultur, og leiaren her er Harald Osa.

51-åringen bur i Drøbak. Han vaks opp på Jæren, og dialekten har ikkje

endra seg. Starten på karrieren var jobben på Fagernes Hotell. Fagernes er, som alle andre stader i Noreg, eit utmerkt Osa-utgangspunkt for å lage noko lokalt.

Alle i lauet hans er samde om at kokkekunstens grunnmur står i Frankrike. Osa jobba i fleire år i Paris, ved Hotel de France, Dodin Bouffant og i Gerard Pangauds kjøkken. Han var kokk på kokkelandslaget i tolv år, også lagkaptein. Han har drive Hotel Continentals kjøkken, og kjøkkenet i Holmenkollen Restaurant. Han var med og starta Gastronomisk Institutt i Stavanger for snart 20 år sidan. I dag er han i leiinga for Norsk Matkultur. Pluss på med prisar frå Salon Culinare i Singapore og American Culinary Classic, Ingrid Espelid Hovigs matkulturpris (2003), Gladmatprisen (2004) og Årets villmarkskokk (2008). Då har du litt innsyn i kva mannen steller med på kjøkkenet.

Sjølv seier Osa at han ikkje er det mange omtalar han som, «meisterkokk».

– Eg er kokk, eg. Eg er ein handverkar. Eg er stolt av å vere det. I dette ligg det også noko anna: Vi kokkar er ikkje språkmenneske. Vi treng hjelp der.

### Den kreative respektløysa

Harald Osas hjelp til eigenhjelp er likevel tydeleg: Ei kreativ respektløysa for utanlandske matord. Når ein kokk set *bresert* på menyen, då seier Osa *grytekokt*. *Brunoise* er små terningar, *coulis* er bærsaus, og *béchamel* er kvit saus.

– Skal du servere ein kjent utanlandsk rett, må du vurdere om namnet skal stå. Kan det erstattast med eit nordisk ord? Eit viktig val når du tenker på kva gjes-

ten kan vente seg under måltidet. Eit døme: *Vichyssoise* er ei kald, klassisk fransk potet- og purre-suppe. Mitt forslag er å lage ein meny der restauranten kanskje skriv originalnamnet. I underteksten fortel dei kva potetsort og vekstområde som er basis for retten. Eller dei kan gå rett på sak og kalle det «kald krema potet- og purreløksuppe».

Det må vere fransk snarare enn jærsk temperament som tikkar i Harald Osa. Når temaet er mat, og formidling av mat, sit han berre halvvegs nedpå stolen. På inn- og utpust assosierer han rundt alt som utgjer eit måltid.

– Mat er historier. Eg vil at dei som serverer, skal sjå desse historiene. Så skal dei gi dei vidare. Den kjente kjøkkensjefen Hroar Dege på Tre Kokker på Solli Plass i Oslo forstod dette. Han serverte ikkje jordbær til dessert. Nei då. På menyen stod det: «Kneplukkede

markjordbær fra Nesodden.» Då smakte bæra annleis! Eit anna døme: Om servitøren på ein nordnorsk re-

staurant seier «kan du tenke deg lammesteik?», så vil gjesten kanskje ha det. Han vil likevel vere i eit tomrom. Tenk kor mykje større merksemda ville vere dersom han fekk vite at «i dag har vi ferskt lofotlam». Eller ein meny som fortel at «no er lammesankinga i Sirdal len nettopp over. Her er lammet». Å formidle slik er i pakt med dei trendane vi ser i samfunnet no.

### Tryggleiken i maten

– Som er?

– Folk søker ein tryggleik i maten dei et, postulerer Harald Osa.

– I ei skål jordbær som folk har lege på kne for å fylle – på Nesodden! – finn

## HARALD OSA

Harald Osa er kokk og leiar i stiftinga Norsk Matkultur

dei det. Utløysaren for mange matkjøp er slagordet «mett med godt samvit». Folk tenker slik no. Dei ser etter mat med lokal identitet. Somme vel maten ut frå om han er økologisk. Mange vil ønskje at maten skal vere helsefremjande, eller til hjelp for samvitet. Mange trykker på Fairtrade-knappen når dei skjenker seg kaffi frå automaten på Seven Eleven. Gjestene vil ha noko som stemmer med deira eiga haldning til livet. Vi kan godt ta den store diskusjonen om økologisk er rett eller gale. Det er likevel ikkje poenget mitt: Det er å snakke om rommet som omgir maten vår, og tekstane vi forsyner dette rommet med.

For Osa lèt det aller best når lyden frå det nordiske matbordet når fram til andre land. Osa døme er smörgåsbordet til svenskane. Det heiter *smorgasbord* i språk utan å og tødlar. Like eins er *Janssons frestelse* det same i ein engelsk, tysk eller for den del indisk meny. Tenk like eins på norske *le Skrei*, ei merkevare i Frankrike.

– *Le Skrei* er namnet på eit einestående produkt frå norskekysten, ein unik torsk. På same vis som parmaskinke er unikt italiensk. Ei parmaskinke kan ikkje omtalast som «spekeskinke» utan å ta ein vesentleg verdi vekk frå denne maten. Du skaper noko meir ved å sette rett namn på eit godt produkt. Der er vi for lite flinke, vi i Norden.

Harald Osa syner til nordmenn på tur. Når vi set oss på flyet og reiser til det store landet Syden, forventar vi noko av reisemålet, seier han.

– Dreg du på ein italiensk restaurant, finn du *tiramisu* som dessert. Den retten har italienerane vakse opp med. Den er dei stolte av. Men ta ein fantastisk norsk rett som *Kvæfjordkake*. Kven serverer det som dessert? Vi har ikkje

verdas mest fargerike matkultur. Men den vi har, er genuin og ekte.

### Tapas er *nevamat*

Det hender at Osas kokkekollegaer synest det blir i meste laget når han – på sitt intense vis – dreg i gang desse re-sonnementa.

– Dei seier «Kan vi ikkje få ha *tapas*-ordet, iallfall?». Eg spør kva som er gale med *nevamat*! Den som vil marknadsføre det nordiske kjøkken, må tore å bruke sitt eige språk. Det er ikkje noko gale med *crème brûlée* og *panna cotta*. Men kanskje skal vi kalle ein pudding for *ein pudding*. Vårt eige språk styrker kjensla av kvar maten høyrer til.

Nok eit døme dukkar opp i Osa tankekar:

– No har vi fått *klippfisk brandade* i norske menyar. *Brandade* er eit uforståelig fransk ord for oss. Franskmennene serverer *brandade* som ein mos eller ei røre av klippfisk, gjerne med potet. Få skandinavar vil oppleve at retten står for den nordiske smaken. For oss bør retten kanskje omtalast slik:

Osa hentar opp eit ark.

«Klippfisk fra J. Dybvik i Ålesund og fjellmandelpotet fra Oppdal. Luftig potetmos tilberedt med Kviteseidsmør og kremfløte servert med stykker av dampet klippfisk, baconfett og persille.»

– Retten er den same. Kva har skjedd? Vi oppfattar han heilt annleis. Dette er kjerna i prosjektet Nordisk mat: Kva vil vi formidle? Skildringa er overordna. Vi på kjøkkenet må tenke over kva råvarer vi vil framheve. Kan vi forsterke bodskapen gjennom språket? Klart vi kan.

### Tenk deg Danmark

Osa trur dette er lettare å skjøne for ein nordmann om han tenker seg at han er på ein dansk restaurant:



– Å skildre maten på dansk i den danske menyen skaper eit anna høve mellom gjesten og maten. Det blir annleis viss det ligg eit italiensk og eit par franske menyord innimellom dei danske. Er det samsvar mellom måten maten er presentert på, og det som kjem på tallerkenen? Då vil gjesten lettare sjå maten som uttrykk for landet han er i.

Døme på det motsette er lette å finne. Osa går få meter i Oslo sentrum før han støyter på den første menyen der han ikkje forstår kva dei lagar.

– Dei nyttar faguttrykk i feil samanhengar. Når dei ikkje har innsikt sjølve, kan dei ikkje vente at gjesten skal få det. Vi skal lære av legane. Dei snakkar latin seg imellom, men norsk til pasienten. *Julienne* er eit fransk faguttrykk for 'strimla grønnsaker'. For kokken handlar det om kor lange og tjukke grønnsakene skal vere. Det gjesten treng å vite, er at det er snakk om strimlar. Vi kan ikkje skrive *julienne* utan forklaring. I same leia: Kvifor sel vi *torskeloins*? Kvifor ikkje *torskerygg* eller *ryggstykke av torsk*?

### Digg med klippfisk

Harald Osa har ein gut på 11, ei jente på 15, og eldstemann er 17. Han likar å servere god mat til familien, sjølv om han vedgår at frosenpizzaen kan vere ei lett-vint kvardagsløysing heime i Drøbak.

– Men det er noko som heiter helgedagar også! Her ein dag fekk eg tak i fin klippfisk frå nemnde Dybvik. Eg tenkte at no skulle eg lage ein klippfiskmiddag slik eg hugsar frå barndommen. Det vil seie med gulrotstuing, brokkoli, godt med bacon, feitt og gode mandelpotetar til. Eg sa frå kva det var eg sette på bordet. 17-åringen, som har ein halv kilo gelé i håret og er kul nok, hadde vel knapt smakt denne retten før. Men han

åt. Og så kom det: «Far, dette var digg!»

Harald Osa smiler med heile seg når han fortel.

– No er eg ikkje sikker på kva svaret blir neste gong, når valet heime står mellom pizza og klippfisk! Det er opp til oss som lagar mat, å servere dei gode alternativa. Folk veit ikkje kva dei vil ha, dersom dei ikkje får smake.

### Heile landet på tallerkenen

– *I ditt eige Rogaland veit dei etter kvart meir om mat enn dei fleste andre?*

– Kanskje på den måten at det er eit føregangsfylke. Folk har sett råvarer på dagsordenen, ikkje minst i Stavanger. Men du, det er urettferdig å nemne nokon framfor andre! Hugs at dei planlegg matakademi i Ålesund. Den arktiske menyen skal bli merkevare for Nordland, Troms og Finnmark. Østfold gjer ein kjempejobb i skjeringa mellom produsent og restaurant. *Marché*-restaurantane langs motorvegane austpå – namnet kjem av det franske ordet for marknad – bygger stille og rolig om frå gatekjøken til faktisk å servere lokal mat. Dei kjøper storfekjøtt frå lokale gardar. Coop og Norgesgruppen satsar veldig på norsk mat i butikkane sine. I Trøndelag finst *Den gylne omvei*: På Inderøya er det den vegen du skal køyre, sidan det er her du finn matprodusentar med historie og historier. Rørosmaten må du ikkje gløyme. Tjukkmjølka her er ein gammal tradisjon dei har henta fram att. For ei merkevare! Vi skal vere stolte av det vi gjer med mat i Noreg. Vi treng berre å få att medvitnet.

Meir om nordisk menyspråk finn du her:

[www.nkf-chefs.com](http://www.nkf-chefs.com)

[www.norskmatkultur.no](http://www.norskmatkultur.no)



Rita Hvistendahl og Stephen Walton mottok Språkprisen 2009 på Språkdagen.

# Språkprisen 2009 delt ut på Språkdagen

Språkprisen er Språkrådets pris for framifrå bruk av norsk språk i sakprosa. Forfattere Stephen Walton har fått Språkprisen 2009 for framifrå nynorsk. Bokprosjektet Flerspråklighet i skolen ved redaktøren, Rita Hvistendahl, har fått Språkprisen 2009 for framifrå bokmål.

Vinnarane fekk 50 000 kroner, eit kopartrykk av Kjell Nupen og eit diplom kvar. Språkprisen vart delt ut av Ida Berntsen, styreleiar i Språkrådet, på konferansen Språkdagen 2009 på Grand

Hotel i Oslo 11. november.

Juryen skriv dette om prisvinnarane: «Språkprisen skal gjevast til personar, grupper eller institusjonar for framifrå bruk av norsk i sakprosa. Prisvinnarane

i år kjem frå det same samfunnsområdet, og har – på eitt vis – fleirspråklegheit som fellesnemnar.

Begge prisvinnarane får prisen for bøker som er viktige bidrag til norsk samfunns- og kulturdebatt.»

### Nynorsk: Stephen Walton

«Den nynorske prisvinnaren er ei bevisst og tydeleg forfattarstemme i norsk sakprosa. Gjennom to større arbeid dei siste fire åra har han vist at han kan utnytte mangfaldet i det nynorske språket i prosa. Han er akademisk og folkeleg, sakleg og personleg, nyskapande og tradisjonssikker. Gjennom dei skriftlege arbeida sine viser denne prisvinnaren i praksis også korleis eit framandspråk har vorte eit tankespråk. Prispinnaren har sagt at han har eit lakonisk forhold til prisar, men det er ei stor glede for Språkrådet å gje Språkprisen 2009 for framifrå bruk av nynorsk i sakprosa til Stephen Walton for bøkene *Den teksta versjonen. Amerikanisering og modernitetens intellektuelle* (2006) og *Skaff deg eit liv. Om biografi* (2008).»

### Bokmål: *Flerspråklighet i skolen*

«Bokmålprisen går til eit prosjekt som vart gjennomført i åra 2004–2007, med

presentasjon av resultat og konklusjonar i bokform våren 2009. Prismottakarane er eit forfattarkollektiv som skriv om fleirspråklegheit frå barnehage til lærarutdanning, med fokus på opplæringa for språklege minoritetar. Eit berande perspektiv i boka er det fleirspråklege som ressurs i vårt samfunn. Dette arbeidet har relevans langt ut over skule og opplæring, ikkje minst fordi forfattarane viser seg som framifrå formidlarar gjennom eit bokmål som er klårt, presist og vel tilpassa ei opplyst ålmente. Forfattarane viser i praksis at eit mangfaldig og samansett fagfelt kan formidlast slik at vesentleg kunnskap og innsikt vert tilgjengeleg for mange. Språkprisen 2009 for framifrå bokmål i norsk sakprosa går til bokprosjektet *Flerspråklighet i skolen* ved redaktøren, Rita Hvistendahl.»

Ove Eide, Karianne Bjellås Gilje, Unn Røynealand og Espen Søbye sit i juryen for Språkprisen.

## ● ● DU KAN NOMINERE

Språkprisen vert delt ut kvart år. Alle kan nominere kandidatar til Språkprisen. Prisane kan gjevast for enkeltverk eller produksjonar frå dei siste fem åra og kan gå til personar eller grupper (institusjonar, bedrifter, organisasjonar).

Kandidatar til prisane kan kome frå næringsliv, forskning, undervisning, forvaltning, presse og etermedium, teknologi og kulturliv. Meir informasjon om nominering til Språkprisen finn du på nettstaden til Språkrådet.

## Vellykkede språkkafeer i Oslo

Siden 2008 har Språkrådet arrangert språkkafeer, som er åpne møter på kveldstid der en tar opp aktuelle språklige og språkpolitiske spørsmål, gjerne med et panel av spesielt inviterte deltagere. Det er fagrådet for samfunn og høyere utdanning som har stått for kafeene.

Hittil har det vært tre språkkafeer. Høsten 2008 var først språkmeldingen – *Mål og mening* – tema på en godt besøkt tilstelning, med blant annet medlemmer av Stortingets familie- og kulturkomité i panelet. Her stod språkbuk og språkpolitikk i universitets- og høyskolesektoren i sentrum. Deretter drøftet man på en kafé før jul «sensitive ord» – slike benevninger for perso-

ner og grupper, som kan virke nedsettende eller krenkende. I panelet satt det blant annet personer med innvandrerbakgrunn og folk fra mediene.

På den tredje språkkafeen, i juni i år, var artistorganisasjonen Gramart medarrangør. Temaet var musikktekster på engelsk og norsk, og utgangspunktet var en fersk meningsmåling om dette. Det ble en frisk og god diskusjon med deltakelse av engasjerte musikere og bransjefolk.

Språkkafeene er et positivt tiltak, som vil bli videreført. Det blir lagt ut mer informasjon på Språkrådets nettsider under «Aktuelt». Der ligger også omtale av de tidligere språkkafeene.

## Svar fra Vegvesenet om flerspråklig skilting

Som nevnt i forrige nummer av Språknytt har Språkrådet tidligere i år skrevet til Statens vegvesen og tatt opp mangelen på veiskilt med samiske og kvenske stedsnavn i de nordligste fylkene. Bakgrunnen var kritikk som var kommet mot Vegvesenet på en konferanse i Alta. I brevet bad vi Vegvesenet redegjøre for sin praksis og for hvordan etaten følger lovverket.

Statens vegvesen har nå svart på brevet. I svaret går Vegvesenet inn på

det som er vanlig prosedyre når det fremmes krav om skilting med samiske eller kvenske navn, og gjør rede for hvem som har ansvaret i de ulike typene saker, og hvem som dekker kostnadene. Men etaten kommenterer ikke kritikken av praksis eller de navnepolitiske sidene ved saken.

Språkrådet vil følge opp denne saken.

## Språkrådet på YouTube

Det er opprettet en egen kanal for Språkrådet på YouTube, som er det tredje mest besøkte nettstedet i verden. *Kanal* betyr i denne sammenhengen en side som en person eller organisasjon har på nettstedet. På Språkrådets side ligger det filmer fra Språkdagen og prosjektet *Klart språk i staten*.

YouTube tilhører de sosiale mediene og gjør det mulig for nettbrukere å dele filmklipp med andre. Registrerte brukere kan legge ut filmer, alle kan se på filmene. En del offentlige organer, både



her hjemme og utenlands, har tatt i bruk YouTube. Den britiske regjeringen og EU er blant de ivrigste.

[www.youtube.com/sprakradet](http://www.youtube.com/sprakradet)

---

## Brennaktuelt

Språkrådet fikk nylig spørsmål om ikke tittelen «Varme arbeider» på nettsidene til Norsk brannvernforening måtte være en særskrivingsfeil for «varme arbeider». Men i ingressen står det:

Årlig oppstår mange branner på grunn av uforsiktighet og slurv ved utførelse av varme arbeider. De som utfører varme arbeider, må ha innsikt i hvilken brannrisiko varme arbeider innebærer, og utføre arbeidet på en slik måte at brann ikke oppstår.

Spøreren burde ha søkt på «varmt arbeid» i terminologidatabasen til **Kollegiet for brannfaglig terminologi (KBT)** på nettsiden <http://www.kbt.no/faguttrykk.asp>. Der er faguttrykket definert slik:

sveising, termisk skjæring, termisk sprøyting, kullbuemeisling, lodding og sliping av metallisk materiale

Basen forklarer naturligvis også hva «brann» er:

ukontrollert forbrenningsprosess som kjennetegnes av varmeavgivelse ledsaget av røyk, flamme eller gløding

Brukerne kan klikke på de blåmerkede termene for å komme til dem i basen, ja, sågar få term og definisjon opplest!

KBT har som formål å samle og systematisere faguttrykk tilknyttet brannfaget og presentere dem på en oversiktlig måte. Målet er et enhetlig fagspråk. KBT har medlemmer fra virksomheter som driver med brannforebygging, brannsikkerhet og brannhåndtering. Basen inneholder nå 1 250 godkjente termer. Språkrådet har støttet arbeidet. Vil du vite hva «slangebros» og «pyrofil» er, kan du søke på den nettsiden som er nevnt ovenfor.



Foto: Svein Arne Orvik

*Marianne Aasgaard, Jan Hoel og Sylvi Dysvik utgjer terminologitenesta.*

# Ny terminologi- teneste i Språkrådet

## ■ JAN HOEL

Språkrådet har i haust etablert ei ny terminologiteneste. Tenesta skal arbeide med fagspråk og ta initiativ til og samordne utvikling av terminologi på norsk. Tre stillingar utgjer tenesta, to av dei er nye i haust.

St.meld. nr. 35 (2007–2008) «Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk» frå Kultur- og kyrkjedepartementet vart behandla i Stortinget i vår. I meldinga blir det m.a. sagt at arbeidet med utvikling av norsk fagterminologi ligg mykje på etterskot. I mange samanhengar manglar norske termar, i andre

har ikkje brukarane kjennskap eller tilgang til norske termar som finst. Utfordringa er difor «både å utvikla nye norske termar som får brei aksept i dei respektive fagmiljøa, og å gjera eksisterande og nye termar tilgjengelege på ein slik måte at dei også blir tekne i bruk i alle aktuelle samanhengar». Ein godt utvikla

fagterminologi er ifølgje meldinga ein føresetnad for god fagleg kommunikasjon i Noreg. Dessutan er fagterminologi ei av dei viktigaste kjeldene for fornying av det allmenne ordforrådet vårt. Terminologiarbeid er også språk- og kulturforsvar og eit vilkår for effektiv kommunikasjon over språkgrenser.

Rådet for teknisk terminologi (RTT) arbeidde med å gjere norsk terminologi tilgjengeleg fram til 2001, då institusjonen vart lagd ned. Sidan den gongen har Språkrådet ved alle høve peikt på at arbeid med norsk fagspråk er særskild viktig for at norsk språk skal kunne haldast

det to nye stillingar på området i sekretariatet, der det er skipa til ei intern terminologiteneste.

Terminologitenesta skal først og fremst ta initiativ, leggje til rette, samordne og ikkje minst vere aktiv pådrivar for det forskings- og utviklingsarbeidet som går føre seg i desentraliserte institutt- og fagmiljø. Ein del av arbeidet vil bestå i å koordinere det praktiske terminologiarbeidet som blir utført i privat og offentleg sektor i dag. Tenesta skal også assistere dei små faglege miljøa som enno finst på dette området, og hjelpe til med å utvikle termbasepro-

● «Terminologiarbeid er også språk- og kulturforsvar og eit vilkår for effektiv kommunikasjon over språkgrenser.»

oppe som eit fullverdig og samfunnsberande språk på alle område. Frå 2007 er terminologi og fagspråk arbeidsfeltet til eit av dei fire fagråda som styret i Språkrådet har oppnemnt i samsvar med dei nye vedtektene for institusjonen.

Ifølgje stortingsmeldinga er den mest påtrengjande oppgåva på området å få på plass eit organisatorisk apparat som kan vareta funksjonen som overordna samordningsorgan for terminologiutviklinga her i landet. Kulturdepartementet meiner at det er mest naturleg å gje Språkrådet funksjonen som organ for utvikling og tilgjengeleggjering av norsk terminologi. Dette er i dag meir formålstenleg enn å bygge opp eit nytt organ frå grunnen av. Departementet legg difor opp til å tilføre Språkrådet auka ressursar, slik at institusjonen blir i stand til å ta på seg rolla som nasjonalt terminologi- og fagspråkkorgan.

Språkrådet har i mange år arbeidd med terminologi og fagspråk så langt ressursane har rokke til. Frå i haust er

sjekt forankra i høgare utdanning og i andre miljø. Særleg viktig blir det å bygge utoverretta alliansar. På den måten kan ein skape større breidd i interessa og ansvaret for terminologi og fagspråk. Tenesta vil også svare på spørsmål om fagspråk frå publikum og ha eit særleg ansvar for å gje råd til offentleg forvaltning i terminologispørsmål.

Den nye terminologitenesta vil ikkje vere fullt operativ før i 2010. Det er likevel mogleg å ta kontakt alt no i haust, på telefon eller til e-postadressa [term@sprakradet.no](mailto:term@sprakradet.no).

.....

Jan Hoel er seniorrådgjevar i Språkrådet

**NASJONALFILOSOFEN ARNE NÆSS** sa ein gong at kinesisk er ikkje verdas største språk. Det mest utbreidde språket i verda er bad English. Og det er det språket me nordmenn har satsa på. Språk er nykelen til å skjønna kvarandre og porten til å læra meir om andre kulturar og menneske. Likevel har me fått det for oss her heime at det ikkje skal vera to obligatoriske framandspråk i ungdomsskulen. Det er trist.

*Arne Hjeltnes, konsernsjef i kommunikasjons-selskapet Creuna, i et blogginnlegg på [www.klarspråk.no](http://www.klarspråk.no)*

**LENGE TRUDD E** det var meg det var noko galt med som syntest det var rart at ordet tenkja vart brukt i hytt og dynever. Men så var det ein annan oppvakt kar som ein lørdagskveld i godt lag kom med eit hjertesukk om kor irritert han var over bruken av dette ordet.

I sofistikerte kretsar er det nemleg slutt med å meina, synast eller tru noko som helst. Der blir det tenkt. Høyr neste gong utanriksminister Støre blir spurt som kva han synest om situasjonen i Afghanistan. Han synest ikkje noko, men han tenkjer at situasjonen er slik og slik, og han tenkjer at det må reagerast sånn og sånn (...) Kvifor? Fordi meina og synast på engelsk heiter think, og me kan ikkje vera dårlegare i steinrøysa.

*Kjell Olav Stangeland, ansvarlig redaktør i Jærbladet, i spalten I dag*

**TAUSE MENNESKER** er trygge og ekte. Ord er nemlig det motsatte av ekthet i Norge. Det er derfor filmene våre tradisjonelt sett har så lite dialog. Men når

noen sier noe. Da. Er. Hvert. Ord. Vel-dig. Dypfølt. Og. Ekte.

*Haddy N'jje, musiker og journalist, i spalte i Dagbladet*

**SOMME SOM SKRIV NYNORSK**, likar ikkje *forhold*, så då skriv dei *i høve til* i staden. Det blir i grunnen ikkje mykje betre språk av den grunn. Det blir verken god meining eller god nynorsk når me må skrella av så mange ord. Eller kva seier du om denne: *Rådmannen uttalte i forhold til pressa at ein no imidlertid må be den enkelte part i forhold til saka å avstå frå ytterlegare sakshandsaming.*

*Jan Olav Fretland, førsteamanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og styremedlem i Språkrådet, i et blogginnlegg på [www.klarspråk.no](http://www.klarspråk.no)*

**- JEG TROR IKKE** bedriftene bruker engelske uttrykk for at flest mulig skal forstå det, men at det dreier seg om å fremstå trendy. Man kan godt oppnå et trendy image på andre måter enn å bruke engelske ord.

*Audhild Kvam, styreleder i NHO Trøndelag, intervjuet i Adresseavisen*





## Boble

Boble av bomull  
Spinner rundt  
Med meg  
Inni seg  
Gjennomsiktig.  
Sansene svimles  
Synet sløres  
Bobletid.  
Hver detalj  
Blir større her  
Som snekrystallens  
Mange tær og  
Sirkelens mange  
Hjørnetenner.

Sibirkulda føk innover Berlin. Vinden klasket snøkrystallene mot vinduet. På novemberdager som disse er det uaktuelt å gå ut. Jeg satt i en leilighet i Rükestrasse og tenkte at det var på tide å skrive en låt. Jeg hadde aldri systematisert skrivinga noe særlig på denne tiden. Hver gang jeg laget en låt, var det fordi jeg følte for det, noe inni meg som måtte ut. Som en fødsel.

Inne i leiligheten stod gassovnen på fullt, kaffekoppen brant inni håndflatene, og jeg satt der salig, undrende og åpen. Hva skal sangen handle om? Koppen sto plutselig på bordet, og jeg hadde begynt å notere ord på et papir. Det var som om kroppen min tok kontrollen, mens jeg bare observerte. Ordene snirklet seg frem på papiret, og jeg registrerte at de beskrev opplevelsen min av nuet. Gitarakkordene jeg hadde klimpret på sommeren i forkant, lå fint plassert i de varme fingrene, melodi og tekst flettet seg

naturlig inn. Det var ikke mange ord. Men melodien gav vokalene lange strekk og god tid slik at det var lett å synge dem poetisk og malende. Ordene malte bilder. Zoomet inn på detaljer, slik at man kunne forestille seg tærne til snekrystaller og hjørnetennene til en sirkel. Ordene «innzoomede pixler på en dataskjerm» valgte jeg bort, selv om de var min opprinnelige idé. For ordene jeg velger, må kunne romme ulike bilder i ulike hoder.

Hvorfor tekst og musikk blir som det blir, er ikke alltid like lett å vite, selv for en opphavskvinne. Det er viktig i skrivestunden å ha vidåpne kanaler og forsøke å beskrive idéen så presist som mulig. Det er ofte vanskelig. Å skrive at en boble av bomull er gjennomsiktig, er for eksempel ikke helt logisk. Likevel klarer jeg ikke å forandre dette av hensyn til låta. Jeg blir redd for at den skal komme til å miste noe av seg selv. Grammatikk og korrekt bruk av uttrykk må noen ganger vike for ting som magesfølelse og låtas levetid.

Det er sjelden låtskrivingen går så glatt som dette. Men når jeg ser det i perspektiv, tok det meg faktisk et halvt år. Låta startet å komme om sommeren og kom i sin helhet vinteren etter. Idet jeg laget gitarakkordene, tror jeg at jeg litt ubevisst fikk idéen om det som skulle bli helheten, at hjernen min det halvåret arbeidet, sjaltet ut og tok til seg lyder og ord og gav låta form. Og idet denne novemberdagen kom, lå alt perfekt til rette for at en ny sang skulle bli født.



Etter hvert festnet det klassisk latinske alfabetet seg slik: A B C D E F G H I K L M N O P Q R S T V X Y Z. Denne rekkefølgen er så godt som totalt blottet for språklig logikk. Det er bare blitt slik i en tilfeldig historisk utvikling.

### Hele det latinske tegnsettet

Etter hvert har det latinske alfabetet spredt seg til alle verdensdelene og så godt som alle språkfamilier, selv om det bare er ett av fem offisielle alfabeter i Europa. De andre er det kyrilliske, det greske, det armenske og det georgiske alfabetet. I tillegg kan en også regne med hebraisk, som brukes til å skrive jiddisk, som har offisiell status i flere europeiske land.

De aller fleste språkene har tilpasset tegnsettet til lydene i hvert enkelt språk. Norsk er selvsagt ikke i noen særstilling i så måte. Faktisk er våre «æ-ø-å-problemer» små i forhold til de «problemene» enkelte andre språk har hatt med sine tegnsett. I et historisk perspektiv har disse problemene vært svært begrenset. De startet med innføring av elektronisk databehandling rundt 1960, og nå er problemene for lengst løst – stort sett – *egentlig*. Du vet det kanskje ikke, men sannsynligvis er det mulig også på din datamaskin å skrive **ă ħ ĩ Ń Œ Œ Ů Ź α ŷ Ж ж к ѣ ѝ** (om behovet skulle melde seg).

Løsningen ligger i den internasjonale standarden som er kjent som Unicode (se <http://www.unicode.org/>). Standarden dekker de aller fleste tegn som brukes for å gjengi språklig tekst, pluss massevis av «kruseduller» (som ☒ ↔ ☺ ♪). Og den blir stadig utvidet til å omfatte for eksempel lydskriftegn og tegn som trengs for å registrere historiske dokumenter på vitenskapelig tilfredsstillende måte.

I Unicode er **á à â e é è o ó ò** ni ulike bokstavtegn, ikke tre bokstavtegn pluss de to diakritiske tegnene. Dette beror på et vesentlig teknologisk valg som har betydning også når en skal bestemme seg for hvilke tegn en trenger. Dette valget er blant annet betinget av **í**, som jo ikke *egentlig* er «i med akutt aksent», men «i uten prikk med akutt aksent».

Unicode har 560 ulike bokstavtegn som betegnes som «latinsk», der «Latin letter» inngår i betegnelsen. Alle tegnene har sine «navn». For eksempel er **á** «Latin small letter a with acute» og **ך** «Hebrew letter alef with qamats».

Det er nødvendigvis en viss treghet i overgangen til bruk av Unicode i alle sammenhenger. For eksempel er en del offentlige register fremdeles basert på mer begrensede tegnsett. Dette kan være svært store databaser og omfattende programsystemer som må oppdateres i takt med øvrig utskifting og oppgradering. Men det er ingen grunn for noen til å utvikle nye systemer som har problemer med å gjengi et fullstendig tegnsett.

### Det norske tegnsettet

For en del år siden gikk Moldova over fra å bruke det kyrilliske til det latinske alfabetet. Moldovsk er nå identisk med rumensk. Tidligere ble de skrevet med ulike alfabeter; nå skrives de også likt. Skrivemåten av moldovske stedsnavn ble dermed endret. Siden de gamle navnene hadde sin «offisielle» transkripsjon til norsk, vedtok det som da het Norsk språkråd, nye «norske» former av moldovske navn. Der finner en **ă ș ț**, som er vanlige tegn på rumensk og moldovsk. Men da ble vel også disse tegnene «norske». For at Språkrådets vedtak skal ha noen mening, må en jo kunne gjengi dem i norske bøker, og de må kunne



seg et tastatur med 500 taster!

Det arbeides med tastaturløsninger som er mer fleksible enn de som er vanlige nå, uten at en må skifte ut selve tastaturet. En kan få til det ved å endre litt på dødtast-funksjonen, slik at det går an å kombinere flere trykk på tastaturet for å lage et sammensatt tegn. En ønsker å bygge på det tastaturet som folk kjenner, men vi kommer nok til å se flere varianter av dette i framtida.

### Rekkefølgen av tegnene

Alfabetisk rekkefølge er ikke trivielt, og det arbeides mye med å finne gode løsninger som både kan dekke særspåklige og internasjonale behov. Det kommer med det aller første en ny europeisk standard for alfabetisk sortering (EN 13710). Den må også tilpasses for å kunne bli en norsk standard for både norsk, samisk og internasjonal anvendelse. Det fins også en internasjonal standard for sortering av det latinske alfabetet (ISO 12199) og en internasjonal metodestandard for alfabetisk sortering (IEO/IEC 14651).

Problemet er selvsagt ikke rekkefølgen av **a b c d e f g h i j k l m n o p q r s t u v w x y z æ ø å**. Men dersom både *Kåre Sæter* og *Kaare Säter* skal delta på

rilliske, georgiske og armenske alfabetet. I første omgang spiller det ingen rolle om det er store eller små bokstaver, og en ser bort fra diakritiske tegn (aksenter) og skilletegn. Det latinske alfabetet har rekkefølge **a–z + þ**. En skal merke seg at «sammensatte tegn» som **æ** og **ø** blir behandlet som henholdsvis **æ** og **øe**. De norske reglene behandler **þ** som en kombinasjon **th**, og **æ ø å** kommer etter **z**. Dessuten behandles **ä ö ü** som **æ ø y**. For fullstendighets skyld behandles også **ő** og **ű** som **ø** og **y**.

- 2 Dersom to ord eller navn er «like» etter denne regelen, behandles diakritiske tegn etter en viss rekkefølge, slik at det blir **á à â**.
- 3 Dersom to ord eller navn fremdeles er «like», kommer små bokstaver foran tilsvarende store bokstaver: **a A**.
- 4 Er det fremdeles likt, tar en hensyn til skilletegn og spesialtegn etter en fastsatt rekkefølge.

Det er bare under det første punktet at det er norske spesialregler.

Vi har et spesielt problem på norsk: **aa**. På norsk er det tradisjon for å sor-

«Alfabetisk rekkefølge er ikke trivielt, og det arbeides med å finne løsninger som både kan dekke særspåklige og internasjonale behov.»

en internasjonal konferanse: Hvor kommer de i deltakerlista?

Hovedprinsippene er disse (tatt fra den europeiske standarden, men dette svarer også til de internasjonale):

- 1 Talltegnene kommer først, deretter bokstavene i det latinske, greske, ky-

tere *Kåre Ås* og *Kaare Aas* likt. Men i en internasjonal sammenheng blir det ikke så enkelt. Også i norske leksika kommer den tyske byen *Aachen* i første bind, og *Ivar Aasen* kommer i siste. Og sekvensen **aa** fins i mange norske ord (*tema-avis* og hundrevis av andre). Og finnen *Kaari* (med lang **a**) og amerikaneren

Aaron, som begge bor i Norge, vil neppe føle seg «hjemme» blant å-ene i den norske telefonkatalogen.

### Standarder

Internasjonal og nasjonal standardisering er nøkkelen til at alt dette skal

kunne henge sammen. Standarder fins, men det er stadig behov for oppdateringer og utarbeiding av nye. Blant annet trenger vi en standard for det norske alfabetet, som må bygge på EN 13710.

Her er en liste over noen aktuelle standarder:

**ISO/IEC 10646:2003**, *Information technology – Universal Multiple-Octet Coded Character Set (UCS)*. Dette er den formelle internasjonale standarden som svarer til Unicode. Det er standarden for all verdens grafiske tegn, fra a til ∞.

**ISO 12199:2000**, *Alphabetical ordering of multilingual terminological and lexicographical data represented in the Latin alphabet*. Denne standarden er utviklet av terminologer og leksikografer og beskriver alfabetiseringsregler som svarer til det som er skrevet på «IT-språk» i ISO/IEC 14651.

**IEO/IEC 14651:2007**, *Information technology – International string ordering and comparison – Method for comparing character strings and description of the common template tailorable ordering*. Denne internasjonale standarden er først og fremst en metodestandard, men den inneholder en fullstendig sorteringsrekkefølge for alle tegn i ISO/IEC 10646 (Unicode), med regler for

hvordan særspårlige alfabetiseringsregler skal utarbeides.

**prEN 13710:2009**, *European Ordering Rules – Ordering of characters from Latin, Greek, Cyrillic, Georgian and Armenian scripts*. Denne nye europeiske standarden er ennå ikke endelig godkjent, men det forventes at det vil skje i løpet av 2009. Den bygger på ISO/IEC 14651, og det er tanken at nasjonale standarder i sin tur skal bygge på den europeiske.

**NS 4103:1972**, *Alfabetiseringsregler*. Dette er den «gamle» norske alfabetiseringsstandard. Den sier mer om hva som skal sorteres, enn om hvordan det skal gjøres, for eksempel at *Jens von der Lippe* skal alfabetiseres som «*Lippe Jens*» og *Truls L'Orsa* som «*Lorsa Truls*». På ett punkt er NS 4103 på linje med det nye vi kommer til å måtte gjøre i en framtidig norsk standard, men som avviker fra norsk tradisjon: **aa** sorteres ikke som **å**. NS 4103 ble utarbeidet før en trengte å ta hensyn til at standarden skulle benyttes i datasystemer. Derfor mangler det en del på at den er anvendelig i våre dager.

Håvard Hjulstad er prosjektleder i Standard Norge

# Smilefjes i e-post – helt på trynet?

## Om smilefjesenes kommunikative funksjoner

■ KARIANNE SKOVHOLT

Bruker du smilefjes i e-postene dine? Da er du kanskje interessert i å vite at smilefjes ikke brukes tilfeldig, men fyller to helt bestemte funksjoner i digital kommunikasjon.

Når språkvitere skal si hva som kjenne-tegner språket i digitale kommunika-sjonsformer, nevnes gjerne smilefjes, i tillegg til bruk av utropstegn (!), avbryt-ningstegn (...), asterisk (\*) osv. Mens både utropstegnet og avbrytningstegnet er relativt gamle og har en fastsatt betyd-ning, har smilefjeset en mer uklar status i skriftspråket. Flere veiledninger for god nettkommunikasjon (nettiketette) anbefa-ler å være forsiktig med å bruke smile-fjes, fordi de kan føre til at meldingen blir oppfattet som «useriøs», «masete» og «rotete», eller signaliserer at avsende-ren «ikke har kontroll på følelsene sine». Slike veiledninger er vanligvis preget av forfatterens holdninger og gjenspeiler ikke nødvendigvis hvordan smilefjesene faktisk brukes. Mange språkbrukere er usikre på hva smilefjesene egentlig sig-naliserer, og hva som er gangbar bruk. Denne artikkelen tar for seg smilefjesene kommunikative funksjoner.

### Dempere

Klarest funksjon har smilefjesene når de står etter anmodninger, korrigeringer og avslag. Da fungerer de som *dempere*. Det vil si at de demper kraften i

språkhandlinger og gjør dem mindre påtrengende:

(1) Line:

Fint med en liten oppklaring her.... :-)

I eksempel (1) fungerer smilefjeset som en *demper* på det som er en indirekte anmodning fra lederen Line til to i hennes arbeidsgruppe, tekstdesigneren Maria og kollegaen Birgitte. Hun presenterer anmodningen som et personlig ønske (Det er fint med en oppklaring) framfor et institusjonelt krav (Gi meg en oppklaring). Smilefjeset bidrar til å gjøre anmodningen mindre autoritær.

(2) Maria:

Bortsett fra det – ikke rett baker for smed, Geir ;)): Hva angår tekst som er kuttet ut, så er det ikke jeg som har kuttet ut verken den ene eller den andre tekstbiten.

I (2) tilbakeviser tekstdesigneren Maria kritikk hun har fått av sin kollega. Hun korrigerer han ved å bruke et fast uttrykk (ikke rett baker for smed). Blunkefjeset (;-) bidrar til å dempe korrigeringen og å gjøre den mindre krass og kategorisk. Denne e-posten kan også illustrere at blunkefjesets funksjon sjel-

den er entydig. Er det spøk, avvæpnen-  
de humor, flørt eller ren sarkasme?

(3) Maria:

Nei, sier jeg :-p Slik ADSL-malen ser ut  
nå, får kundene informasjonen du vil  
ha inn i ps-en, i selve brevtteksten, så da  
faller poenget ditt jo litt bort [...]

I eksempel (3) bidrar det geipende  
smilefjeset til å kompensere for Marias  
kontante avslag (Nei, sier jeg :-p). Til  
tross for at Maria har en høyere posi-  
sjon enn den som mottar meldingen,  
inviterer smilefjesets ertende tone til  
familiaritet og jevnbyrdighet.

### Forsterkere

Smilefjesene viser også en klar funksjon  
når de følger språkhandlinger som hils-  
ninger, komplimenter, takksigelser og  
spøk. Da fungerer de som *forsterkere*.  
Det vil si at de intensiverer budskapet  
og styrker avsenderens forpliktelse over-  
for innholdet i ytringen:

(4) Hei Anna, lenge siden sist:-)

(5) Jeg så akkurat på den. Det så fint ut  
:)

Når smilefjesene plasseres rett etter  
språkhandlinger som hilsener, kompli-  
menter og ros, bidrar de til å styrke av-  
senderens forpliktelse overfor innholdet  
i ytringen. Smilefjesene signaliserer  
dermed at avsenderen uttrykker seg  
med oppriktighet, og at hun er støt-  
tende og solidarisk innstilt.

Smilefjesene kan også brukes til å sig-  
nalisere at en ytring skal tolkes ironisk:

(6) Jeg husker selvfølgelig ikke hvem  
som skulle ha dem – tror jeg har regn-  
vann i øverste etasje i dag. :)

I (6) signaliserer smilefjeset at ytrin-  
gen «tror jeg har regnvann i øverste  
etasje» ikke skal tolkes bokstavelig, men  
humoristisk. Samtidig bidrar smilefjeset  
til å forsterke komikken.

### På vei inn i skriftnormen?

Smilefjesene gir først og fremst informa-  
sjon om hvordan en ytring skal tolkes.  
For det andre bidrar de til å regulere den  
sosiale relasjonen mellom avsender og  
mottaker. Slik kan smilefjes bidra til å  
smøre tannhjulene i et arbeidsliv der  
mer og mer av kommunikasjonen fore-  
går med e-post, ofte mellom ukjente og  
ofte på tvers av geografiske og institusjo-  
nelle grenser.

Mye tyder samtidig på at smile-  
fjesnormene er under utvikling og ut-  
prøving. Det er språkbrukerne som til  
syvende og sist er med på å avgjøre om  
smilefjeset vil utvikle seg til å bli et kon-  
vensjonalisert skrifttegn, på lik linje  
med utropstegnet og spørsmålstegnet.

.....  
Karianne Skovholt er rådgiver i  
Språkrådet

Det grafiske smilefjeset, smiley, er  
kanskje mest kjent fra i 1970-tallets  
hippiebevegelse.

*Emotikon* er fellesbetegnelsen for  
ulike typer smilefjes. Det er satt  
sammen av det engelske ordet  
*emotion*, som betyr 'følelse', og *icon*,  
som betyr 'ikon' eller 'bilde'.  
Emotikoner er altså en forenklet  
avbildning av ansiktsuttrykk.

:-) smilefjes  
:-( surt/trist fjes  
;-) blunkefjes  
B-) solbriller  
:-D latter  
:-P geip





# Kven rår over orda?

■ SIGFRID TVITEKKJA

Kva ord tek ordbokredaktørane med i ordbøkene?

Spørsmålet er viktig for språkbrukarane.

I kommentaren «Jødeblod og negerkunst» (Aftenposten 20.06.09) stussar journalist Inger Anne Olsen med rette på utvalet av samansette ord med *jøde-* og *neger-* i nyare norske ordbøker.

## To mytar om ordbøker

I denne artikkelen prøver eg å rette opp to mistydingar om ordbøker:

Mistyding 1: Alle ordbøker som finst elektronisk og på papir, er offisielle på ein eller annan måte.

Mistyding 2: Alle ord i eit språk står i ordboka. Dei orda som ikkje står i norske ordbøker, finst ikkje i norsk språk eller er ikkje gode og korrekte.

I prinsippet kan kven som helst lage ei ordbok og gje henne ut. Redaktøren (forlaget) bestemmer kva for ord som skal stå i boka. At ei ordbok er utgjeven i bokform eller til bruk på pc, tyder likevel ikkje at boka har vore innom ein offisiell pult og fått stempelet «godkjent som korrekt norsk», slik Olsen nokså forståeleg reknar med og mange trur.

Språkrådet og Universitetet i Oslo gjev ut Bokmålsordboka og Nynorskordboka. Dersom du slår opp i ei av desse ordbøkene på samansette ord med *jøde* som førsteledd, finn du *jødedom*, *jødefiendtleig*, *jødefolk*, *jødeforfølgning*, *jødehat*, *jødehatar* og *jødekristen*. Andre samansetningar med *jøde-* som Olsen har funne i andre ordbøker, finst

ikkje i Bokmålsordboka og Nynorskordboka. For ordbøker til *skulebruk* finst det ei godkjenningsordning: Språkrådet kontrollerer bøyingsformer og rettskriving i manus til skuleordbøker og ser på om orda er ein del av kjernevokabularet, dvs. ord som dei fleste vil støyte på og bør kjenne til.

Inger Anne Olsen (og mange andre) spør seg kvifor det ser ut til at ingen kebabnorske ord finn vegen til norske ordbøker. Vel, «kebabnorsk» er anten sedd på som ein multietnolekt (ein slags dialekt prega av mange språk) eller ungdomsslang. Dialektord og slangord kjem ofte ikkje med når ein redaktør vurderer kjernevokabularet. Heilt generelt er det også slik at ordbøker speglar skriftspråket betre enn talespråket.

Slangord har funnest til alle tider, men dei held seg ikkje nødvendigvis i bruk lenge. Tone Tryti seier i boka *Norsk slang* at «ikke noe lyder så passé som foreldede slangord». I og med at dei går fort ut av bruk, ville mange slangord verke pussige i ordbøkene. Eit døme kan vere *festbrynje*, som på eit tidspunkt var slang for *smoking*.

Av og til blir slangord likevel del av allmennspråket. Ord som *sjaber* (frå nederlandsk) var rekna som slang på 30-talet, men har kome i allmenn bruk – og dermed inn i ordbøkene. *Teit* og *kul* har med tida også kome med i ord-

bøkene. Dersom *sjofe* (kebabnorsk for 'å sjå') blir vanleg i norsk (særleg i aviser og daglegtale), vil det nokså sikkert bli vurdert som oppslagsord i ei ordbok også. Særskilt i papirordbøker må ein likevel ta omsyn til plassen, og det vil alltid vere minst like mange ord utanfor dei vanlege ordbøkene som inni dei. Norsk er eit rikt språk, og spontane ordlagingar oppstår i tusental kvar dag.

### Tips til kritisk lesing av ordbøker

Viss ordet *neger* står i ordboka, kva står det av andre opplysningar om ordet? I Bokmålsordboka og Nynorskordboka står det at *neger* kjem av ordet for *svart* i latinske språk (*negro*). I tillegg står det at ordet kan bli oppfatta nedsetjande.

å bruke ordet *jorddeple* i ungdommen. Ho forstod «fort at vi ikke kunne snakke sånn». Viss det er eit statusmerke for eit ord å stå i ei ordbok, noko *jorddeple* gjer, kven «bestemte» at det ikkje var godt nok eller forståeleg å seie *jorddeple* i staden for *potet*? Det var i alle fall andre enn Språkrådet eller ein bestemt redaktør. Kan det vere at kaféborda og sofakrokane rundt om stengjer ute like mange ord som ein kunne tenkje seg å gjere i tradisjonelle «raudpenn-miljø»?

Me treng debatt om språklege omgangsformer og potensielt diskriminerande språkbruk i ordbøker. Men det er skilnad på å debattere felles oppfatning av felles språk og å sensurere kvarandre i kvardagen.

## «Dersom kunnskapen om ord forvitrar, blir debatten uopplyst. Difor treng me ordbøker.»

Professor Ruth Vatvedt Fjeld har undersøkt korleis menn og kvinner blir behandla ulikt i ordbøkene. Tilfeldige søk på *han* og *hun* i Bokmålsordboka, meiner Fjeld, viser at *hun* går att i eksempelsetningar som «hun kvapp til» og «hun kvitret og lo hele tiden», medan pronomenet *han* går att i setningar som «det er kvalitet i alt han gjør» og «han er hvass i regning» (Språknytt 2001/1). Eit «kvinneord» som *amme-tåke* kom først med i ordbøkene i 2005, og ordet *A-cup* er ikkje med. Kvifor kjem ikkje typiske «kvinneord» med?

Eit anna spørsmål er kva verdisyn som kan lesast inn i definisjonane av orda *urban* og *rural*. I mange ordbøker er det å vere *urban* og frå byen det same som å vere kultivert, medan å vere *rural* og frå bygda er det motsette av *urban* – altså ukultivert?

Inger Anne Olsen fortel at ho slutta

Språkrådet har fått spørsmål frå publikum om eit ord som *tverrfagleg* (*samarbeid*) er negativt ladd, fordi det har ordet *tverr* i seg. (*Tverr* kan tyde både 'vrang' og 'gretten' og 'som går på tvers'.) Slike reaksjonar kan tyde på eit språkklimate der folk er redde for å bruke heilt vanlege ord. Ein fare er at dersom kunnskapen om ord forvitrar, blir debatten uopplyst. Difor treng me ordbøker.

Du kan lese Inger Anne Olsens kommentar her:  
<http://www.aftenposten.no/meninger/kommentatorer/olsen/article3133154.ece>.

.....  
 Sigfrid Tvittekkja er fagkoordinator i Språkrådet

# Kor mange ord på *q* kan du?

■ LEIV INGE AA

Ikkje før hadde vi fortalt verda kva ei mugetuft er (sjå Språknytt 3/2008), tek Norsk Ordbok ein ny jafs i alfabetet. No kan du lære alt om *q*!

Du treng ikkje lenger øydeleggje laurdagskvelden med «Skal vi danse?» berre fordi du vil vite kva *quickstep* er. Slå av plattskjermen, og set deg til rettes med det blodferske, raude bandet av Norsk Ordbok. Her får du servert alt du treng å vite om *quickstep*, *quisling* og andre plagsame ting på *q*, utan at du raderer ut alle mogleghetene for ein ok kveld vidare. Du kan til dømes lese alt om *ok*.


Det åttande bandet av Norsk Ordbok dekkjer alfabetbolken *mugg-ramnsvart*. På over 800 sider prøver vi å få inn så mange relevante ord som moglege frå dei norske dialektane og det nynorske skriftmålet. Dansekjendisar finn du lite om, men *nynorsk kjendis* finn du. Nettopp dette bandet inneheld det kanskje vakraste ordet av dei alle: nei, ikkje ordet *ord*, men *nynorsk*! Sjølv *nynorskhatar* finn du! Ord frå det puraste pærevev blir noterte – det held at dei finst. Finst *bokmålshatarar*, forresten? Ikkje hjå oss. I Norsk Ordbok

Men *pynglehaukar* finst. Og dei er endåtil omgjengelege folk, skal vi tru nordmøringane. Kanskje det er fordi dei har *nysteklavar* der? Rett nord, sør og vest for Dovre har dette ordet vorte nytta om ein krok eller ei hempe som heldt garnnystet fast til beltet, når ein gjekk og strikka. Om du har til gode å sjå folk gå og strikke, er det fordi det er

for lite *nysteklavar* no til dags. Det ville vore reint *ovanover* om ein fann noko slikt i butikken, som dei kunne sagt det i Hardanger og på Voss.

Ja, i Hardanger og på Voss. Sjølv om Norsk Ordbok vil ha dei ukjende orda fram i dagen, må vi òg ha med (nynorsk)kjendisane. Og som i medieverda er det desse som tek mest plass. Medan preposisjonen *i* vart dekt på over fem sider i band 5, bruker vi seks sider på *på* i band 8. Ordet er greitt å definere når det gjeld Oddvar som sit *på stolen* og Torsheim-biletet som heng *på veggen*. Litt verre blir det når pynglehauken sit *på bussen* eller heng *på hjørnet*. Alle rallar om kva dei skal gjere *på fredag*; enkelte ollar òg om kva som skjer *på juni*. Vekslinga mellom *på* og *i* er éin ting, men kva når *på* et seg inn på område der ein skulle vente å finne *om*, *for* og *med*? Det får vere dagens *quiz*. Lat oss få ein god diskusjon *på det*.

Leiv Inge Aa er stipendiat i norsk dialeksyntax ved NTNU og redaktør i Norsk Ordbok 2014.



# Å gjøre sin borgerplikt

■ DAG FINN SIMONSEN

I forbindelse med valg snakker vi gjerne om å «gjøre vår borgerplikt». Med det mener vi å gå og stemme. Det å avgi stemme omtales altså som en plikt, noe det jo formelt sett slett ikke er.

Og hvorfor *borgerplikt*? Mange kjenner ordet *borgerskapet* brukt om 'kapitalistene' og vet at de ikke-sosialistiske partiene også kalles borgerlige. Hvordan kan det ha seg at et ord med så klare (parti)politiske undertoner brukes om noe så partipolitisk nøytralt som det å stemme?

## Borgere og borgerskap

Ordet *borger* er interessant på flere måter. Skjønt rota av ordet – *borg* – er det vi kaller et arveord i norsk (det er altså ikke innlånt), har norsk fått både *borger* og det avledede *borgerskap* fra tysk. Og ved disse ordene har det utviklet seg to nokså atskilte betydningstradisjoner. På den ene side viser de til tidlig byutvikling i det nordlige Europa, på den annen side har de også en moderne juridisk betydning med røtter lenger tilbake.

En borg var et befestet sted, som det ofte dannet seg en by rundt, noe vi ser av navn som Sarpborg, Sønderborg, Hamburg, Middlesborough osv. *Borgerskap* var en formell status en måtte ha for å kunne drive næring i byer. Når en fikk borgerbrevet, ble en borger av byen, med plikter og retter. Borgerskapet omfattet ikke bare slikt som rett til å drive handel eller håndverk, men også plikt

til å forsvare byen ved angrep (i den såkalte borgervæpningen).

Nokså tidlig ble ordet også brukt kollektivt om dem som *hadde* borgerskap, og her er utspringet for *borgerskapet* betydningen 'kapitalistene'. Det kan være verdt å minne om at ikke alle byfolk i riktig gamle dager *var* borgere; tjenere, dagarbeidere, eiendomsløse osv. stod utenfor. Men både denne sosialt ladede og den mer nøytrale (allmenne) bruken av ordet, knyttet til rettigheter og plikter, har overlevd til våre dager. Det er opplysende at en på fransk skiller mellom «bourgeois» (et germansk lånord, på norsk også skrevet *bursjoa*) i betydningen 'person fra de bedrestilte lag; besteborger' og «citoyen» om statsborger i juridisk forstand.

## Borgerplikt og borgerrett

*Borgerplikt* henger altså sammen med *borgerrett*. Det viser til de pliktene en hadde som borger, stilt overfor de rettighetene en hadde i egenskap av det samme. At det er en forbindelse mellom plikt og rett, er et gammelt prinsipp, som har levd videre og blant annet kom til uttrykk i den unge arbeiderbevegelsens slagord «Gjør din plikt, krev din rett!». Opplysninger i ordbøkene tyder for øvrig på at *borgerrett* er litt eldre i

skrift enn *borgerplikt* – for eksempel skrev Holberg om «Romersk Borgerret» alt midt på 1700-tallet.

I dag er vi naturligvis ikke pålagt å stemme ved valg. Stemmeretten er utelukkende det som ordet sier – en *rett*. Når «gjøre sin borgerplikt» likevel brukes – om enn kanskje mest som et uhøytidelig munnhell – om det å legge sin stemme i urna, er det fordi dette er blitt en fast frase, en stivnet vending som forteller at bruk av stemmeretten har vært en forpliktelse en var forventet å leve opp til som statsborger. Det er lenge siden borgervæpningens tid, men tankegangen er at skal en kreve noe av samfunnet, må en først yte noe, det vil si stemme.

Siden 1700-tallet har tenkningen omkring individers rettigheter tatt en ny retning og er blitt utviklet til å gjelde

både statsborgerlige rettigheter og menneskerettigheter. Rettighetene knyttes altså ikke lenger til byen, men til staten eller verdenssamfunnet. I dag er borgerretter de rettighetene en har som statsborger. At dette har røtter helt tilbake til antikken, viser den engelske termen «civil rights» («civil» fra fransk av latin «civis», 'borger'). Samtidig har ikke minst borgerrettsbevegelsen i USA i 1960-årene satt sitt preg på hva vi forbinder med ordet.

.....


Dag Finn Simonsen er seniorrådgiver i Språkrådet

## RUNER

I Hogganvik i Mandal har eit ektepar for kort tid sidan oppdaga ei runeinnskrift på ein stein i hagen. Runeforskarar meiner at innskrifta kan vera frå om lag år 400 e.Kr., og det språket dei tala i Noreg på den tida, kallar me urnordisk.

Det er lett å lesa dei 13 runeteikna på steinen, men vanskeleg å finna ut kva innskrifta tyder. «Me trur at det er ei form for kryptering, ei forvansking av skrifta», seier ein forskar som skriv på ei doktorgradsavhandling om løynderuner og kryptografi.

I Noreg brukte dei runer i noko ulike utgåver i godt og vel tusen år (ca. 170 til 1300 e.Kr.). Det er ein noko lengre periode enn den tida det latinske alfabetet har vore nytta her i landet.



# Med og uten bram

■ SVEIN NESTOR

Det er sikkert nesten fem millioner nordmenn som ikke vet hva ordet *bram* i overskriften betyr.

Svært mange har nok hørt det – ikke i den sammenheng som det står i i overskriften – men i det temmelig vanlige uttrykket *med brask og bram*. Det er nok også nesten fem millioner som ikke vet hva *brask* betyr. Og hvordan kan da et uttrykk som inneholder to substantiv som de aller fleste ikke vet hva betyr, bety noe som helst og brukes riktig av så mange? Svaret er vel ganske enkelt at vi lærer hva *med brask og bram* betyr, enten ved at noen forteller oss det, eller ved at vi skjønner det ut ifra sammenheng. Det innebærer at vi faktisk kan forstå et uttrykk riktig uten å forstå alle ordene som det består av. Vi lærer ofte språklige enheter som en helhet, og da er ikke alltid de delene som helheten består av, så viktige.

«Støyende, overmodig, så det riktig merkes» er forklaringen en ordbok gir på *med brask og bram*. Hva ordet *bram* egentlig betyr, sier denne ordboka ikke direkte, men opplyser at det bare brukes i uttrykket *med brask og bram*, og at det er et verbalsubstantiv til verbet å *bramme*. Dette verbet er det sikkert diverse millioner nordmenn som ikke kjenner, men heldigvis opplyser ordboka at det betyr 'skryte'. *Bram* må altså bety 'skryt'.

I faste uttrykk er det temmelig vanlig at det opptrer ord som er mer eller mindre synonyme, for eksempel *lete med lys og lykte*, *gå fra gård og grunn*, *miste munn og mæle*, *få noe til odel og eie*,

*være utsatt for vær og vind*. I alle disse er det dessuten bokstavrim (markert med fett trykk), slik som også i *med brask og bram*. Derfor er det ikke urimelig å gjette på at *brask* betyr omtrent det samme som *bram*, altså 'skryt'. I Ordbog over det danske Sprog finner vi følgende fra en salme:

Da lad os i Hytte og saa i Sal  
Aflægge al Hovmod og Brask og Pral.

*Pral* er det også temmelig mange nordmenn som ikke kjenner, men det betyr 'skryt', altså akkurat det samme som vi allerede har gjettet på at *brask* måtte bety.

## Uten bram

Om ordet *bram* er svært sjeldent, så er ordet *bramfri* til gjengjeld forholdsvis vanlig. At *bramfri* ender på *-fri*, angir at det substantivet som dette adjektivet beskriver, er uten *bram*. Men Norsk riksmålsordbok har også ordet *bramløs*, som er svært sjeldent. At det ender på *-løs*, angir at det substantivet som dette adjektivet beskriver, er uten *bram*.

Nå er det slik at adjektiv som ender på *-fri*, som oftest angir at det er positivt at en er uten det eller det. Adjektiv som ender på *-løs*, angir derimot som oftest at det er negativt at en er uten det eller det. Det er som kjent ikke bra å være *tannløs*, *tankeløs*, *håpløs* eller *ansvarsløs*,

og det er like kjent at *det er bedre å være brodløs enn rådløs*, selv om ingen av delene er å anbefale. Derimot er det bra å være *feilfri, prikkfri, flekkfri, lytefri, gjeldfri og sukkerfri*. Innebærer så dette at *bramfri* er noe positivt i motsetning til *bramløs*, som er noe negativt? Nei, *bramfri* betyr 'uten skryt', og *bramløs* betyr 'uten skryt', og i og med at skryt er noe negativt, betyr begge disse adjektivene 'ikke skrytende', som jo er noe positivt.

Men nå er sikkert temmelig mange av leserne blitt forvirret, for det er da helt vanlig å snakke om for eksempel *en bramfri uttalelse*, som er en uttalelse rett fra levrå, og som ikke har noe med 'ikke

med «tyrannen» mener jeg språkbruken. Allerede de gamle romere sa *usus tyrannus*, hvilket betyr «bruken/vanen er en tyrann».

Det er interessant å konstatere at selv om langt de fleste ikke vet hva (*brask og bram*) betyr i uttrykket *med brask og bram*, så bruker de det riktig, dvs. i samsvar med det *bram* opprinnelig betydde. I *bramfri*, derimot, der betydningen av *bram* naturligvis er like ukjent for de fleste, betyr *bram* nærmest det motsatte av det ordet opprinnelig betydde, og slik sett er språkbruken ukorrekt.

Det er ikke helt uvanlig at ord kan bety til dels temmelig forskjellige ting i ulike språklige omgivelser. Når vi for

### «Det er ikke helt uvanlig at ord kan bety temmelig forskjellige ting i ulike språklige omgivelser.»

skrytende, beskjeden' å gjøre, kanskje snarere tvert imot. Ja, slik blir dette uttrykket svært ofte brukt, men det er fordi de som bruker det slik, ikke vet at *bram* betyr 'skryt'. I ordboka står det nemlig at *bramfri* betyr «beskjeden, uten skryt». Det stemmer temmelig dårlig med den første betydningen av *bramfri*, som vi nettopp har referert til.

Hva betyr så *bramfri*? Det som ligger i den måten som folk flest bruker uttrykket på, eller det som ordboka sier? Svaret kommer an på hva en mener at ordet *betyr* betyr. Én ting er hva et ord opprinnelig – noen vil kanskje si *egentlig* – betyr, noe annet er hva et ord i praksis betyr, og noen vil kanskje mene at det er det som bestemmer hva et ord *egentlig* betyr. Jeg tror nok at folket har talt i denne saken, og at *bramfri* nå betyr «omsvøpsløs, direkte, rett fram», selv om det altså opprinnelig betydde det motsatte. Hvem avgjør så hva som er korrekt? Antakeligvis *tyrannen*, og

eksempel sier: *Det er sikkert og visst*, så er det ikke noen tvil om saken, og det er den opprinnelige betydningen av disse to adjektivene. Men dersom vi bruker akkurat «de samme» adjektivene i *Slik er det visst* eller *Slik er det sikkert*, så er det sikkert og visst at det som omtales, er høyst usikkert og høyst uvisst. Egentlig skulle en tro at språket ikke kunne fungere med denne tilsynelatende tvetydigheten – men visst gjør det det.

Ett og samme ord kan også få en betydning som skiller seg ganske klart fra den opprinnelige. Slik er det med f.eks *lemfeldig*, som i én ordbok betyr 'skånksom, forsiktig'. Men slik mange bruker det, betyr det 'slurvete, vilkårlig, slapp'. Det siste passer ganske godt med at en annen ordbok også oppgir betydningen 'overflatisk'.

.....  
Svein Nestor er rådgiver i Språkrådet

## Hiphop og sprenging av grenser

Hiphopen har endra seg frå å vere eit urbant og amerikansk fenomen til å slå rot i mange ulike miljø og bli prega av dei både språkleg og kulturelt. På Språk-dagen 2009 fortalde rapparen Runar Gudnason i hiphopgruppa Side Brok frå



Ørsta at hiphopkulturen i utgangspunktet har hatt eit grensesprengjande element i seg. Men etter kvart har det oppstått normer og konformitet innanfor hiphopkulturen. Mange hiphoparar i Noreg har prøvd å etterlikne dei amerikanske førebileta. Side Brok har blitt kritiserte for at dei ikkje tek hiphop på alvor, fordi dei braut med dei etablerte normene og rappa om livet på bygda og brukte dialekt.


## Kansellisten – hjelp for statsansatte

Språkrådet har nylig gitt ut heftet *Kansellisten*. Det er en liste med litt stive ord og uttrykk som sjelden brukes i dagligspråket, men som ofte forekom-

mer i brev og andre tekster fra det offentlige. Kansellistil og kanselliord kan skape unødig avstand mellom avsender og mottaker. Derfor kommer *Kansellisten* med forslag til andre og mer forståelige uttrykksmåter. *Kansellisten* er ment som en veiledning, ikke som noen «svarteliste».

Selv om *Kansellisten* er på bokmål, kan den også være et nyttig hjelpemiddel for deg som skal skrive nynorsk. Mange nynorske tekster i det offentlige bygger nemlig på tekster på bokmål.

Du kan bestille heftet hos Språkrådet eller laste det ned fra Språkrådets nettsider.



## Norsk-sydsamisk ordbok

I høst kom *Norsk-sydsamisk ordbok*. Ordboka dekker de sørsamiske dialektene som fra gammelt av har vært talt fra Helgeland og sørover på norsk side og fra Umeälven og sørover på svensk side. Materialet i denne ordboka skriver seg for det meste fra Knut Bergsland & Lajla Mattsson Magga: *Åarjelsaemien-daaroen baakoegærja / Sydsamisk-norsk ordbok*. Dessuten er en del nytt materiale kommet til. Boka bygger til dels på mer enn hundre år gamle kilder.

Det er Lajla Mattsson Magga som har laget *Norsk-sydsamisk ordbok*, og den er kommet på forlaget Iđut i Porsanger.



# Insektforskar og entomolog er det same

■ SVEIN NESTOR

Me er vane med at *-logar* er folk som kan mykje om eit eller anna, så me får tru at det ikkje er så reint gali å omsetja *-log* med 'forskar'.

Dersom me tek bort *-forskar* og *-log* i dei to substantiva i overskrifta, sit me att med *insekt-* og *entomo-*. *In-* og *en-* er her så like at me – så lenge me ikkje vert overtydde om noko anna – må tru at dei tyder det same, særleg når dei finst i to ord som vel må tyda det same.

Utan *in-* og *en-* står berre *-sekt-* og *-tomo-* att. Lydsekvensen *-sekt-* kjenner me att i *seksjon* – frå latin *sec-tio* – som mellom anna tyder 'avsnitt'. Eit *snitt* får me når me *snittar*, t.d. når me gjer eit *innsnitt*. *Snitt* er eit lånord frå tysk, der det er avleidd av verbet *schneiden* 'skjera'. Det fanst eit tilsvarende verb *sníða* på norrønt, som no er mesta borte. Men i Nynorskordboka står det eit substantiv av same rota – *snidel* – som tyder 'lauvkniv, lauvsgd'. Eit anna ord for 'sgd' er *skyru*, som sjølvsgt heng saman med verbet *skjera*.

Det vanlege ordet på tysk er *Insekt*, men *Kerb-tier* og *Kerf* finst òg. Dei to siste orda vart laga på 17–1800-talet og er beinveges omsetjingar av *Insekt*, som kjem frå latin *insectum*. Tysk *Kerb* 'snitt', 'hakk', 'skor', heng saman med eit verb *kerben*, som svarar til engelsk *carve* og norsk *karva* (jf. *karva blad* og *karveskurd*), som tyder 'skjera'.

På Island seier dei *skor-dýr* for 'insekt'. Orda *skor* og *skore* 'hakk, innsnitt'



Foto: ©Christopher Aszman / Scapix

finst framleis på norsk òg, og dei heng saman med verbet *skjera*.

Det ordet russarane har laga for 'insekt', er *nasekomoje*. Også her finst bokstavsekvensen *-sek-*, som liknar på og er skyld latin *sec-are* 'skjera'. Men det russiske *-sek-* i *na-sek-omoje* er ikkje noko lån frå latin. Det er ekte russisk, for på russisk heiter 'eg skjer' *sek-u*, og på latin *sec-o*. Attåt dette finst det eit russisk substantiv *sek-ira*, som tyder '(strids) øks'. Det har opphavleg den same rota som det latinske *sec-uris*, som tyder 'øks', det òg. Øks nyttar me til å kløyva

så lenge at dei 'spør': «Kvifor er du no komen så langt frå sjølve dyret (insektet)?», vil eg innvenda at eg – i dobbel tyding – er midt i det.

Ta til dømes og sjå på ein kvefs. På overgangen mellom bakkroppen og framkroppen er han så smal at *kvefselje* er vorti eit omgrep. Ja, kvefsen er nesten *skoren* heilt av. Det er slike karakteristiske innskjeringar – *skor* – i kroppen som har gitt den opphavleg latinske nemninga *insekt*.

Latin har eit verb *in-secare*, som tyder 'skjera inn i', og til det finst det eit

● «Kvefsen er nesten *skoren* heilt av. Det er slike karakteristiske innskjeringar – *skor* – i kroppen som har gitt den opphavleg latinske nemninga *insekt*.»

med, og det er ikkje langt mellom tydinga av *skjera*, *snitta* og *kløyva*.

At *insekt* og dei tilsvarende orda i tysk, islandsk og russisk må ha noko med verb som tyder 'skjera, snitta, kløyva' å gjera, må no vera heilt klårt.

Me har alt nemnt tre ord som inneheld eit element som har noko med tydinga 'skjera' å gjera: *in-sekt* frå latin, *inn-snitt* frå tysk/norsk og *en-tomo* frå gresk. Førsteledene *in-*, *inn-* og *en-* liknar mykje på kvarandre, og når me veit kva *inn-* tyder, må me tru at *in-* og *en-* tyder det same som det.

*Tom* i *entomo-* er ein gammal kjenning frå *atom*, av gresk *a-tomos*, som tyder 'som ikkje let seg *skjera*, *dela*, *kløyva*'. Det same elementet finn me att i framandorda *ana-tomi* (eigenleg 'opp-skjering'), *diko-tomi* ('todeling'), *hyster-ek-tomi* ('livmor-ut-skjering') og *lobo-tomi* (('panne)lapp (over)skjering').

Om nokon tykkjer at eg no har dissekert (opp sann, der var bokstavsekvensen *-sek-* framme att!) ordet *insekt*

perfektum partisipp *in-sectum* 'innskori'. *Insectum* tyder 'det som (noko) er innskori (i)'.

Det var den vidkjende greske vitenskapsmannen Aristoteles (384–322 f. Kr.) som laga nemninga *en-tomon* (*zoon*) 'det innskorne (dyret)'. Latin *in-sectum* er ei omsetjing av det greske ordet, og tysk *Kerb-tier*, islandsk *skor-dyr* og russisk *na-sek-omoje* er omsetjingar av det latinske. Det latinske, tyske, islandske og russiske ordet er truleg etter måten nye ord, for *insectum* står ikkje i ordboka over klassisk latin, og dei andre orda er jo omsetjingar av det.

.....

Svein Nestor er rådgiver i Språkrådet

# OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kultur- og kirkedepartementet.

Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal være i bruk i alle deler av samfunnslivet også i fremtiden – og ikke bli tilsidesatt av engelsk.

Vi vil gi det offentlige, næringslivet og folk flest tro på at norsk språk duger, og arbeider for å øke kunnskapen om norsk språk.

Dette gjør Språkrådet for å styrke det norske språkets stilling:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonene våre om god og rett norsk
- Vi svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året
- Vi arrangerer konferansen *Språkdagen* hvert år for å skape debatt om aktuelle utfordringer for norsk språk
- Vi har en egen språktjeneste for statsorganer som gir råd til statsansatte om hvordan de kan skrive klart og godt
- Vi arbeider for at ikt-produkter skal bygge på norsk tekst og tale, og for å utvikle norskspråklig fagspråk og terminologi
- Vi gir diplom til næringsdrivende som har gitt virksomheten et godt, kreativt norsk navn
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skolen
- Vi fører tilsyn med at alle statsorganer følger kravene til fordeling av bokmål og nynorsk
- Vi gir råd om hvordan stedsnavn skal skrives på kart og veiskilt
- Vi samarbeider med offentlige og private institusjoner om tiltak som styrker bruken av norsk
- Vi forvalter rettskrivningen i nynorsk og bokmål og følger med på hvordan språket utvikler seg

Direktøren i Språkrådet er leder for 30 ansatte. Styret i Språkrådet er utnevnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkyndige og språkengasjerte personer fra hele samfunnet. Fagrådene gir innspill og råd om saker på sine fagfelter.

[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)  
[www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no)

SPRÅKRÅDET  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50  
TELEFAKS: 22 54 19 51

ANSVARLIG REDAKTØR:  
Sylfest Lomheim

INFORMASJONSSJEF:  
Svein Arne Orvik

REDAKTØRER:  
Svein Nestor  
[svein.nestor@sprakradet.no](mailto:svein.nestor@sprakradet.no)

Åsta Norheim  
[asta.norheim@sprakradet.no](mailto:asta.norheim@sprakradet.no)

ABONNEMENT OG  
ADRESSEENDRING:  
[lars.erik.klemsdal@sprakradet.no](mailto:lars.erik.klemsdal@sprakradet.no)

Signerte artikler fra  
eksterne skribenter står  
for forfatterens syn.

Ettertrykk tillatt når kilden er  
oppgitt.

OPPLAG: 11 000  
Tekstene i dette nummeret fins  
også på Internett:  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

Fire nummer i året  
Redaksjonen avsluttet 12.11.2009


LAYOUT: Marit Heggenhougen  
[www.cmykdesign.no](http://www.cmykdesign.no)  
TRYKK: 07 Aurskog

ISSN 0333-3825

OMSLAGSBILDE:  
Foto © Bo Mathisen / VG /  
Scanpix

**B**

NORGE/NOREG



P. P.

## HISTORIA BAK

ἘΠΙΣΤΟΛΑὶ καὶ Ἀπόστολοι Ἑλληνιστί  
Ἄγγελια καὶ Ἄγγελοι Ἑλληνιστί  
SENDINGAR OG UTSENDINGAR PÅ GRESK

På gammalgresk kunne:

å senda heita anten *epi-stél-lein* eller *ap-angél-lein*  
ei sending heita anten *epi-stol-é* eller *angel-fa*  
ein utsending heita anten *apó-stol-os* eller *ángel-os*  
ein god bodskap heita *ev-angél-ion*

*Epistolé* har gitt oss *epistel*, av *apóstolos* har me fått *apostel*, av *ángelos* kjem *engel*, og *evan-gélion* har blitt til *evangelium* på latin.

Den latiniserte forma *evangelium* finst i liknande former i dei fleste språka i Europa. Men gammalengelsk hadde opphavleg ordet *gōd-spell*, som tydde 'god bodskap', altså ei bein-veges omsetjing av *ev-angelion*. Seinare mistok engelskmennene *god* i *godspell* for *God*, altså 'Gud'. Men med tida har dei nok ikkje skjøna *godspell* rett heller, for i den moderne forma *gospel* er det ikkje noko som peikar mot *God*.

Norrønt lånte *gōd-spell* frå gammalengelsk og skreiv det både *goðspell* og *guðspell* (av *guð*). Guð gjekk av med sigeren, for islendingane i dag skriv *guðspjall*.

Svein Nestor  
rådgjevar i Språkrådet

RETURADRESSE:  
Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

ISSN 0333-3825